



Ellinor Therese Vorland Kreybu
Postboks 130
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7744 - 14/28313

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2014

Førebels svar - trong for tilleggskokumentasjon gbnr 203/6, Fyllingen

FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM OPPFØRING AV BRAKKER MED TAKOVERBYGG /TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.12.14.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi viser til dykkar epost datert 04.12.14, vi gjer merksam på at det per i dag ikkje lenger eksisterer meldingssaker etter plan- og bygningslova (pbl).

Plassering av mellombelse tiltak som skal stå lenger enn 2 mnd. er søknadspliktig etter pbl § 20-1, 1.ledd bokstav j). Motteken søknad gjev ingen informasjon om storleiken på brakkene og heller ikkje plassering av brakkene. Vi kan difor ikkje ta stilling til om det aktuelle tiltaket kan handsamast etter pbl §20-2 (tiltak som kan utførast av tiltakshavar). Heller ikkje om det er naudsynt med dispensasjon, avstand til veg, avstand til andre byggingar mv.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysningar om eigedom og eksisterande bebyggelse som vert rørd av tiltaket
2. tiltakets storleik og grad av utnytting (avgjerande med omsyn til om tiltaket kan handsamast etter pbl § 20-1 eller § 20-2).
3. forhold til plangrunnlaget og plan- og bygningslova § 1-8
4. tiltakets tryggleik mot fare eller vesentlig ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve, og behov for eventuelle sikringstiltak
5. minsteavstand til annen bebyggelse, kraftliner, vegmidte, vann- og avløpsleidningar
6. atkomst, vannforsyning, avløp og fjernvarmetilknytning
7. eventuelt behov og grunnlag for dispensasjon
8. teiningar og målsatt situasjonsplan
9. redegjørelse for nabovarsling og nabomerknader, samt kvittering for nabovarsel

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.1.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Dersom tiltaket oppfyller unntaka i pbl. § 20-2 jf. byggesaksforskrifta §§ 3-1 og 3-2, kan de nytte vedlagde skjema.

Byggesaksforskrifta § 3-1, bokstav b)

«En enkelt frittliggende bygning som ikke skal brukes til beboelse, og hvor verken samlet bruksareal (BRA) eller bebyggd areal (BYA) er over 70 m². Bygningen kan oppføres i inntil én etasje og kan i tillegg være underbygget med kjeller.»

eller evt. byggesaksforskrifta § 3-2 Alminnelige driftsbygninger i landbruket

«Bygninger som er et nødvendig ledd i driften eller som er et driftsmiddel i forbindelse med landbruksdrift, anses som driftsbygning.»

Tiltak som omfattes av plan- og bygningsloven § 20-2 første ledd bokstav b om alminnelige driftsbygninger i landbruket, er:

- 1. Oppføring, plassering, vesentlig endring, vesentlig reparasjon, riving av, eller bruksendring til driftsbygning inntil 1000 m² bruksareal (BRA).*
- 2. Tilbygg til driftsbygning dersom bygningens totale areal inkludert tilbygget ikke overstiger 1000 m² bruksareal (BRA).»*

For at tiltaket skal kunne handsamast etter byggesaksforskrifta § 3-2 må de dokumentere drift på eigedomen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5153N-Søkn. om tilt. uten ansv.
5154N-Nabovarsel
5155N-Opplysn. gjeve i nabov
5156N-Kvittering for Nabovar

Mottakarar:

Ellinor Therese Vorland Kreybu

Postboks 130

5903

ISDALSTØ